



UNIVERSITETET I TRONDHEIM  
NOREGS TEKNISKE HØGSKOLE  
INSTITUTT FOR EKSPERIMENTALFYSIKK

T E R M I N O L O G I   F O R  
H A V B Ø L G J E E N E R G I

Ei lita ordbok

ved

Johannes Falnes

Trondheim

1984

## F o r o r d

Etter som det i desse dagane er ti år sidan vi tok til med vitskapleg arbeid som gjeld utnytting av energien i havbølgjene, kan det høva å setja opp ei liste med ord og nemningar som knyter seg til denne unge vitskapen.

Eg starta arbeidet med å laga ei slik liste etter eit påskuv frå RTT (Rådet for teknisk terminologi) som ynskte hjelp til eit terminologiprosjekt for Energidirektoratet med utgangspunkt i "Energy Technology. A Multi-Lingual Glossary" (Pergamon Press, 1982).

Denne boka inneheld 20 oppslagsord for området bølgje-energi. Dei aller fleste av desse har eg teke med i lista, men også ein del nye. Mitt utval er truleg merkt av vår eigen innsats med å utvikla fagområdet gjennom ti år. Andre forskarar ville kan henda ha gjort utvalet annleis.

Med "bølgje" er det i denne lista meint berre havbølgje eller overflatebølgje på vatn.

Dei ca. 60 oppslagsorda i lista her har eg prøvt å ordna gruppevis der dei etter innhald har ein viss slektskap med kvarandre. Til slutt er ei alfabetisk ordna liste med tilvisingar.

Termene er grupperte i tre hovudbolkar etter om dei knyter seg til oceanografi (A), eller til marine konstruksjonar generelt (B) eller bølgjeenergi spesielt (C). Innan kvar hovudbolt har termene blitt fortløpende nummererte.

Oppslagsordene er på norsk og (med kursiv) på engelsk. Norske oppslagsord som har ei stjerne (\*) framføre seg, er avgrensa til nynorsk. Det står eit pluss (+) føre skrivenmåtar som er avgrensa til bokmål.

Etter oppslagsordet er det ein kort definisjon eller forklaring. I somme tilfelle er det og ein merknad eller ein matematisk formel. Ein del av merknadene viser til fyrste gongen ein term, etter vår kjennskap, er brukt i ein publikasjon.

Ein del av oppslagsorda er det sett hakeparentes om.  
Dei er lite eller inkje brukte i litteraturen, og berre  
framtida kan visa om desse termene er liv laga.

Når det gjeld symbolbruken i oceanografi-bolken (A), har eg prøvt å halda meg til "Suggested terms, definitions and notations for water waves as approved by Permanent International Association of Navigation Congresses" (Int. Symp. Ocean Wave Measurement and Analysis, New Orleans, 1974, Vol. II, s. 254 - 260). Dette er til dels i strid med vanleg symbolbruk i skipsfaget der ein t.d. bruker  $\zeta$  (ikkje  $\eta$ ) for bølgjehaving,  $\zeta_w$  (ikkje  $H$  for bølgjehøgd,  $\lambda$  eller  $L_w$  (ikkje  $L$ ) for bølgjelengd og  $T_2$  eller  $\tilde{T}$  (ikkje  $T_z$ ) for nullkryssperiode.

Eg takkar for nyttige kommentarar frå Kjell Budal, Knut Bønke, Harald E. Krogstad, Oddbjørn Malmo, Geirmund Oltedal, Henrik Rye og Harald Walderhaug, som har sett gjennom eit fyrste utkast til denne lista. Men det må understrekast at det er eg sjølv som står ansvarleg for lista slik som ho no ligg føre.

Med tanke på ein eventuell revisjon av lista vil eg gjerne ta mot kommentarar og framlegg til nye oppslagsord og definisjonar.

Trondheim i februar 1984

Johannes Falnes

## A. Termar som gjeld naturressursen, bølgjene i havet

### A1. \*bølgje/energi, <sup>†</sup>bølge/ , wave energy

Energi i eller fra bølgjer (i motsetnad til annan energi).

Den totale energien i ei bølgje, summen av potensiell energi pga. høgdeforskyvinga av vassflata og kinetisk energi pga. vatn i svingande rørsle.

Rekna pr. flateeinining av havflata er den potensielle energien i tidsmiddel  $E_p = (\rho g/2) \eta_{rms}^2$ . Tidsmiddelverdien av den kinetiske energien har same verdien i tilfellet med ei låg plan bølgje, men kan reint allment ha ein avvikande verdi.

### A2. [\*bølgje/energitransport, <sup>†</sup>bølge/ , wave-power transport]

Transportert effekt pr. lengdeeining av bølgjefronten.

For ei sinusforma bølgje på djupt vatn gjeld

$$J = (\rho g^2 / 4\omega) \eta_0^2 = (0,97 \text{ kW/m}^3 \text{s}) T H^2 \approx (1 \text{ kW/m}^3 \text{s}) T H^2.$$

For ei uregelrett bølgje gjeld

$$J = \rho g^2 m_{-1} / 4\pi \approx (0,5 \text{ kW/m}^3 \text{s}) T_J H_{mo}^2$$

Termen "bølgjeenergitransport" (eller heller "bølgje-effekttransport" ?) er ikkje innarbeidd, men eit framlegg her. Ordet "bølgjeenergifluks" har og vore brukt, men bør unngåast, då "fluks" er assosiert med "pr. flate".

### A3. \*regelrett \*bølgje, <sup>†</sup>regelmessig <sup>†</sup>bølge, regular wave

Bølgje som er periodisk og har forholdsvis lange bølgjekammar. Bølgja er nær sinusforma og monokromatisk, dersom bølgja er forholdsvis låg. Dønningar med lange bølgjekammar er tilnærma regelrette bølgjer.

### A4. \*uregelrett \*bølgje, <sup>†</sup>uregelmessig <sup>†</sup>bølge, irregular wave

Bølgje som ikkje er periodisk eller regelrett. Lokalt oppsett vindsjø er uregelrette bølgjer. Kan tenkjast samansett av ei mengd sinusforma bølgjer med ulike frekvensar og retningar. Sjå bølgjeenergispektrum og retningsspektrum.

A5. dønning, *swell*

Bølgjer som har vandra bort frå staden der bølgjene blei sette opp t.d. av vind. Den delen av ei uregelrett, samansett bølgje som ikkje gjeld lokalt genererte bølgjer. Dønningen svarar vanlegvis til eit etter måten smalt frekvensområde i lågfrekvensdelen av spektret.

A6. \*bølgjelengd, <sup>+</sup>bølgelengde, *wavelength*

Avstanden mellom etter-kvarandre-følgjande bølgjekammar målt i den retninga bølgjene forplantar seg. For ei regelrett (sinusforma) bølgje på djupt vatn er bølgjelengda  $L = (g/2\pi)T^2 = (1,56 \text{ m/s}^2)T^2$  der T er perioden for bølgja.

A7. \*bølgje/front, <sup>+</sup>bølge/, *wave front*

Ei tenkt flate som er loddrett på bølgjeforplantingsretninga, og som går med same farten som (fasefarten til) bølgja. Verkelege bølgjer kan ha mange bølgjefrontar som går med ulike fartar, og som også kan ha ulike retningar. Sjå uregelrett bølgje.

A8. \*bølgjehøgd, <sup>+</sup>bølgehøyde, *wave height*

Den vertikale avstanden H mellom ein bølgjetopp og nærmast føregåande bølgjedal.

A9. signifikant \*bølgjehøgd (<sup>+</sup>bølgjehøyde), *significant wave height*

Ei karakteristisk bølgjehøgd for å beskriva ein bølgjetilstand. Etter ein definisjon lik middelverdien  $H_s$  av bølgjehøgdene til den tredjedelen av enkeltbølgjene som har størst bølgjehøgd, i ei bølgjeregistrering, som vanligvis varer ca. 20 min. (Bølgjehøgdene skal her målast frå den djupaste bølgjedalen mellom to nullkryssingar og den høgaste bølgjetoppen i det neste nullkryssingsintervallet.) Etter ein annan definisjon  $H_{mo} = 4\sqrt{m_o} = 4 n_{rms}$  der  $m_o$  er nulte ordens moment av spektret og  $n_{rms}$  effektivverdien av bølgjehevinga. I praksis kan  $H_s$  vera opptil 10 % større enn  $H_{mo}$ .

A10. \*hundreårs/bølgje, <sup>+</sup>/bølgje, *hundred-year wave*

Den høgaste enkeltbølgja som ein, på ein viss stad, kan venta gjennom eit tidsrom på 100 år. Det har ikkje innarbeidd seg nokon eintydig praksis når det gjeld matematiske definisjon av hundreårsbølgje.

A11. nullkryssperiode, *zero-crossing period*

Tida mellom to etterfølgjande nullnedkryssingar (når vassoverflata på målestaden kjem under stillevassnivået). Middels nullkryssperiode  $\bar{T}_z$  er middelverdien av alle nullkryssperiodane i eit registreringstidsrom, t.d. ca. 20 min.

A12. \*bølgje/energispektrum, <sup>+</sup>bølge/ , *wave-energy spectrum*

Ei matematisk framstilling av korleis ein bølgjetilstand, f.eks. målt gjennom eit tidsrom av ca. 20 min, er fordelt mellom ymse frekvensar. Spektret kan framstellast grafisk i eit diagram, med bølgjefrekvensen  $f$  som abscisse og energien i eit lite frekvensintervall  $E(f)$  som ordinat. Ein alternativ funksjon  $S(f) = E(f)/\rho g$  gir fordelinga av variansen av bølgjehevinga  $\eta$ . Ofte blir spektret  $S(f)$  representert ved matematiske formlar, t.d. for dei såkalla Pierson-Moskowitz-spektret og JONSWAP-spektret, som er smalare enn det fyrstnemnde.

A13. retningsspektrum, *directional spectrum*

Eit to-dimensjonalt spektrum som viser korleis bølgjeenergien er fordelt på ulike innfallsretningar i tillegg til korleis han er fordelt på ulike frekvensar. (Sjå bølgjeenergispektrum).

A14. moment av spektrum, *moment of spectrum*

Ein potens av frekvensen multiplisert med bølgjeenergispektret og integrert over alle frekvensar. Det n-te ordens momentet er

$$m_n = \int_0^{\infty} f^n S(f) df.$$

B. Termar som er knytte til konstruksjonar i sjøen

B1. hiving, hiv, *heave*

Lineær svingerørsle (translasjon) i vertikal retning.

B2. jaging, *surge*

Lineær svingerørsle i lengderetninga for ein langstrekt kropp t.d. eit skip. Alternativt kan det, t.d. for ein sirkulärsymmetrisk kropp, stå for lineær svingerørsle parallelt med bølgjeforplantingsretninga.

B3. svaiing, *sway*

Lineær svingerørsle i tversretninga for ein langstrekt kropp, eller, alternativt, i retning normalt på bølgje-forplantingsretninga.

B4. rulling, *roll*

Rotasjonssvinging om ein horisontal akse som går på langs for ein langstrekt konstruksjon eller, alternativt, som har same retning som bølgjeforplantinga.

B5. stamping, *pitch*

Rotasjonsswinging om ein horisontal akse som går på tvers (for ein langstrekt konstruksjon) eller, alternativt, som står normalt på bølgjeforplantingsretninga.

B6. giring, *yaw*

Rotasjonsswinging om ein vertikal akse. (Giring blir uttalt med g, ikkje j, som første lyd.)

- B7. addert masse, hydrodynamisk tilleggsmasse, tilleggsmasse, \*medsving/ande (<sup>+</sup>/ende) masse, *added mass*

Når ein fast kropp svingar harmonisk (sinusforma) i vatn, vil det, p.g.a. tilsvarende svingerørsler i vatnet omkring kroppen, bli sett opp ei dynamisk motkraft som har ein komponent i fase med akselerasjonen. Den hydrodynamiske tilleggsmassen  $m_r$  er definert som forholdet mellom denne kraftkomponenten og akselerasjonen til kroppen. Noko forenkla blir tilleggsmassen stundom oppfatta som massen av ei viss mengd vatn som svingar med kroppen, men denne oppfatninga er noko misvisande, då tilleggsmassen, til vanleg, er frekvensavhengig, og kan, i spesielle tilfelle, jamvel bli negativ.

Forutan  $m_r$  er A og a vanleg brukte symbol for den hydrodynamiske tilleggsmassen.

- B8. dempingskoeffisient, *damping coefficient*

Strålingsresistans eller eventuelt summen av strålingsresistans og mekanisk resistans pga. friksjon og viskøse energitap.

- B9. strålingsresistans, strålingsmotstand, *radiation resistance*

Ein hydrodynamisk mekanisk motstand som er eit mål for ein svingande kropp si evne til å generera bølgjer. Det doble forholdet mellom den effekten som strålar ut og kvadratet av fartamplituden til kroppen når han svingar harmonisk (sinusforma). Realdelen  $R_r$  av strålingsimpedansen.

$$R_r = 2 P_r / |\hat{u}|^2 = \operatorname{Re}(Z_r)$$

Forutan  $R_r$ , er B og b vanleg brukte symbol for strålingsresistans.

## (B9. framhald)

I hydrodymanisk litteratur er "dempingskoeffisient" eller "strålingsdempingskoeffisient" brukte som synonym til strålingsresistans. I samsvar med terminologi for akustiske bølgjer og for radiobølgjer er ordet strålingsresistans i seinare tid teke i bruk i hydrodynamikken. (Ordet "radiation resistance" er såleis brukt i 1975 i Nature, Vol. 256, p. 478).

B10. strålingsimpedans, *radiation impedance*

Frekvensavhengig kompleks koeffisient  $Z_r$  som er det negative av forholdet mellom dei komplekse amplitudane for den hydrodynamiske reaksjonskrafta på ein svingande kropp og svingefarten, under føresetnad av at kroppen svingar harmonisk (sinusforma), og dermed genererer ei harmonisk bølgje. Koeffisisenten inneholder både strålingsresistansen  $R_r$  og den hydrodynamiske tilleggsmassen  $m_r$  til kroppen:  $Z_r = R_r + i\omega m_r$ . Vanleg symbol for tilleggsmassen er elles A eller a og for strålingsresistansen B eller b. Symbola kan utstyrast med indeksar svarande til dei seks ulike svingemodiane (termane B1 til B6). Det kan bli koplingskrefter mellom dei ulike svingemodiane, og  $Z_r$ ,  $R_r$  og  $m_r$  blir då kvadratiske matriser.

(Termen "radiation impedance" er brukt i 1977 i Marine Science Communications, Vol. 3, No. 2. p. 147).

B11. eksitasjonskraft, \*driv/ande (<sup>+</sup>/ende) kraft,  
*excitation force, exciting force*

Kraft som bølgja øver på ein kropp som er i ro. Ordet er helst brukt i samband med bølgjer som er så låge at, for harmoniske (sinusforma) bølgjer, er kraftamplituden proporsjonal med bølgjeamplituden.

B12. \*bølgjelast, <sup>+</sup>bølgelast, <sup>+</sup>bølgebelastning, *wave loading*

Kreftene som bølgjene øver på flytande, neddukka eller botnståande konstruksjonar. Med ekstreme bølgjer, t.d. hundreårsbølgja, er bølgjelasta eit grunnlag for dimensjonering av anlegget, slik at det står seg i dei verste påkjenningane frå bølgjene.

B13. \*bølgjekraft (1), <sup>+</sup>bølgekraft (1), *wave force*

Kraft frå bølgjer. Pga. fare for forveksling med "bølgjekraft (2)" bør ordet unngåast i eintal. Men fleirtalsordet bølgjekrefter kan gjerne brukast. Elles kan ordet bølgjelast stundom brukast i staden for bølgjekraft (1). Sjå også eksitasjonskraft.

C. Termar som gjeld utnytting av bølgjeenergi

C1. \*bølgjekraft (2), <sup>+</sup>bølgekraft (2), *wave power*

Mekanisk effekt (energi pr. tideining) fra bølgjer. Synonym for fenomenet (ikkje storleiken) bølgjeenergi. Pga. faren for forveksling med "bølgjekraft (1)" bør ordet bølgje-kraft unngåast anna enn i samansette ord som t.d. bølgje-kraftverk.

C2. absorbert effekt, *absorbed power*

Effekten som eit svingesystem tek opp frå bølgjene.

Summen av omforma nytte-effekt og tapt effekt ved friksjon, viskositet og andre dissipative verknader. Skilnaden mellom eksitasjonseffekt og utstrålt effekt:

$$P_a = P_e - P_r.$$

C3. [eksitasjonseffekt, \*driv/ande (<sup>+</sup>/ende) effekt, *excitation power*]

Brutto energiopptak frå innkomande bølgje inkludert utstrålt effekt. Tidsmiddelverdien av produktet av eksitasjonskrafta og farten til den svingande kroppen:  $P_e = \overline{F_e(t) u(t)}$ . (Termen "excitation power" er brukt i 1981 i Proceedings of Second Symposium on Wave and Tidal Energy, Cambridge, England, p. 196).

C4. utstrålt effekt, *radiated power*

Den effekten som blir ført bort med den bølgja som eit svingesystem, t.d. ein svingande kropp, set opp. Ved harmonisk (sinusforma) svingerørsle gjeld  $P_r = \frac{1}{2} R_r |\ddot{u}|^2$ .

C5. nytteeffekt, *useful power*

Netto nytlig effekt levert etter omforming frå bølgje-effekt. Skilnaden mellom absorbert effekt og effekt tapt ved ikkje-ideell energiomforming t.d. på grunn av viskositet, friksjon o.l.

C6. \*absorpsjons/lengd (<sup>+</sup>/lengde), *absorption length, capture width*

Eit mål for ei bølgjekraftinnretning si evne til å absorbera bølgjeenergi. Forholdet mellom absorbert effekt og bølgjeenergitransporten:  $d_a = P_a/J$ .

(Termen "absorption length" er brukt i 1975 i Nature, Vol. 256, p. 478).

C7. fasestyring, *phase control*

Metode for å få optimal svingerørsle med tanke på maksimal energiproduksjon. Går ut på å få svingefarten til å vera i fase med eksitasjonskrafta, slik som det skjer av seg sjølv med eit resonant svingesystem. Nemninga "phase control" er brukt s. 385 i boka "Power from Sea Waves" redigert av B. Count (Academic Press, 1980), men ideen er nokre år eldre.

C8. \*bølgje/kraftinnretning, <sup>+</sup>bølge/, *wave-power device*

Ei teknisk innretning som er konstruert for å omforma bølgjeenergi til elektrisk energi eller eit anna slag nyttig energi.

C9. \*bølgje/kraftverk, <sup>+</sup>bølge/, *wave-powered generator, wave-power device*

Kraftverk drive med bølgjeenergi.

C10. \*bølgje/kraftstasjon, <sup>+</sup>bølge/, *wave-power plant*

Kraftstasjon driven med bølgjeenergi.

C11. \*bølgjedriven (<sup>+</sup>bølgdedrevet) generator, *wave-powered generator*

Elektrisk generator driven med bølgjeenergi.

C12. kraftbøye, *power buoy*

Bølgjekraftinnretning der energi blir utvunnen ved at ein bøye utfører vertikale svingerørsler i forhold til eit fast punkt, t.d. sjøbotnen, eller i forhold til ein neddukka kropp som har svingerørsle vesentleg ulik den bøyen har. (Ordet "kraftbøye" var brukt første gongen i Miljønytt, nr. 2, 1978, s. 11). Ordet "duppen" har og vore brukt om kraftbøyen prosjektert ved NTH.

C13. punktabsorbator, *point absorber*

Ei bølgjekraftinnretning med horisontal utstrekning som er lita i høve til vanlege bølgjelengder, og som absorberer bølgjeenergi omlag like godt same kva retning bølgjene kjem frå. (Fyrste gongen "point absorber" blei brukt i faglitteraturen, var i 1975 i Nature, Vol. 256, p. 478).

C14. linjeabsorbator, *line absorber*

I motsetnad til punktabsorbator: Ei bølgjekraftinnretning som har horisontal utstrekning minst så lang som ei typisk bølgjelengd. Den evna ein linjeabsorbator har til å ta opp bølgjeenergi, avheng av korleis han er retningsorientert i forhold til bølgjeforplantinga. (Termen "line absorber" er kjent i faglitteraturen frå 1975 i Nature, Vol. 256, p. 478).

C15. terminator, *terminator*

Ein linjeabsorbator som er orientert loddrett på den framherskande bølgjeforplantingsretninga.

C16. attenuator, *attenuator*

Ein linjeabsorbator som er orientert langs den framherskande bølgjeforplantingsretninga.

C17. [ryggrad, ryggbein,] *spine, backbone*

Forholdsvis stiv konstruksjon som er minst så lang som ei typisk bølgjelengd, og som tener til ein felles referanse som mengda av svingande element i ein linjeabsorberator kan arbeida mot. (Ordet "ryggrad" er brukt i 1977 i Elektro-Elekroteknisk Tidsskrift, Bd. 90, nr. 2, p. 9).

C18. [Salter-and,] *duck, Salter duck*

Ei bølgjekraftinnretning av typen terminator. På ei lang sylinderisk ryggrad ("spine") er montert ei rekke svingande skovler/fløyer (eller ender). Nytteeffekt er produsert gjennom relativ rørsle mellom dei enkelte endene, når dei oscillerer omkring ryggrada. (I faglitteraturen er "duck" brukt første gongen i 1974 i Nature, Vol. 249, p. 720, og termen "and" er nytta i norsk litteratur i 1977 i Elektro-Elekroteknisk Tidsskrift, Bd. 90, nr. 2, p. 9).

C19. [Cockerell-flåte,] *raft, Cockerell raft*

Ei bølgjekraftinnretning sett saman av minst to flåtar eller flate pongtongar som er hengsla saman. Energi blir utvunnen gjennom den relative svingerørsla mellom flåtane.

C20. \*svingande \*vass-søyle, <sup>+</sup>svingende <sup>+</sup>vannsøyle, *oscillating water column, OWC*

Ei bølgjekraftinnretning med eit kammer som har opning i vatnet, slik at vatn, i samspel med bølgjene, svingar inn og ut gjennom opninga og får ei grenseflate mellom luft og vatn til å svinga opp og ned inne i kammeret. Energiomforminga kan skje t.d. ved at denne grenseflata verkar som eit stempel i ei luftpumpe som driv ein luftturbin.

C21. \*hamn, <sup>+</sup>havn, *harbour*

Kanalforma område utanfor munningen av ei svingande vass-søyle eller ved ei anna bølgjekraftinnretning. Hamna har til føremål å gi svingesystemet ein ekstra eigenfrekvens slik at bølgjekraftinnretninga får større bandbreidd, dvs. at bølgjeenergi blir effektivt absorbert over eit vidare område av bølgjefrekvensar.

C22. Kaimei, *Kaimei*

Japansk bølgjekraftinnretning av typen attenuator. Ein langstreckt skipsliknande konstruksjon med fleire botnlause rom som inneholder svingande vass-søyler som pumpar luft gjennom luft-turbinar. Ein 80 m lang Kaimei-konstruksjon blei prøvd i sjøen på vestsida av Japan 1978-1980. Ordet kaimei tyder "havets stråleeglans" eller "sjølys".

C23. Masuda-bøye, *Masuda buoy*

Flytande bøye med luftturbindriven elektrisk generator. Drivlufta blir pumpa gjennom turbinen med hjelp av ei svingande vass-søyle som munnar ut i sjøen gjennom ei opning i botnen av bøyen. Denne bølgjekraftinnretninga, som er oppfunnen av japanaren Yoshio Masuda, er marknadsført som kraftforsyning til navigasjonsbøyar o.l.

C24. [\*kniv/skjel, <sup>+</sup>/skjell,] *clam*

Bølgjekraftinnretning av typen terminator. Sett saman av bøyelege sekker eller membranar på ein ryggrads-konstruksjon. Innestengd luft blir pumpa gjennom turbinar når membranane svingar under påverknad av sjøen på utsida.

C25. Bristol-sylinder, *Bristol cylinder*

Bølgjekraftinnretning av typen terminator. Sylinder som har netto oppdrift, men som, ved hjelp av forankringar og hydrauliske mekanismar, er halden neddukka under overflata og tvinga til å røra seg i sirklar omkring ein akse som er eksentrisk i forhold til sylinderaksen. Energi blir utvunnen gjennom det hydrauliske systemet.

C26. \*bølgjeenergilerettar, <sup>+</sup>bølgeenergileretter, \*Russel-  
likerett/ar (<sup>+</sup>/er), *wave-energy rectifier, Russel rectifier*

Bølgjekraftinnretning som er anlagt på sjøbotnen, gjerne nær land, og som har eit øvre og eit nedre vassbasseng. Tilbakeslagsventilar tillet vatn å strøyma inn i det øvre/ut or det nedre bassenget når der er ein bølgjetopp /-dal. Ein lågtrykks vassturbin utnyttar fallhøgda mellom dei to bassenga.

C27. kilerenne, *tapered channel*

Horisontal kileforma renne plassert ved sjøkanten (eller på sjøbotnen nær land) slik at den vide enden opnar seg mot sjøen. Energi blir utvunnen ved at bølgjehøgda aukar etterkvart som bølgja går inn gjennom den smalnande renna, slik at vatn renn over kanten og inn i eit basseng, der det blir brukt til å驱va ein lågtrykks vassturbin.

C28. \*hav/bølgje/linse (<sup>+</sup>/bølge/), *ocean-wave lens*

Konstruksjon plassert i sjøen for å refraktera (bøya av) bølgjene slik at dei samlar seg i eit fokalt område analoget med brennpunktet i ei optisk linse.

C29. \*hav/bølgje/fokusering (<sup>+</sup>/bølge/), *ocean-wave focusing*

Konsentrering av havbølgjene i bestemte område. Kjem i stand ved at bølgjer endrar forplantingsretning på grunn av topografien på sjøbotnen og/eller på grunn av kunstige havbølgjelinser.

C30. [bøye/lig (\*/leg) sekk,] *flexible bag*

Bøyelege sekker eller dukar som er monterte på ein bølgje-kraftkonstruksjon for å skilja mellom svingande vatn på utsida og luft på innsida, der lufta blir brukt som driv-medium for ein turbin.

C31. slangepumpe, Petro-pumpe, *tube pump, Petro pump*

Forholdsvis lang, spesialarmert gummislange som forandrar volum under strekking. Ei pumpe, som er utan stempel, men som likevel arbeider med lineær svingerørsle, oppfunnen i Sverige av Peterson og Tröften i 1970-åra.

C32. Wells-turbin, *Wells turbine*

Luftturbin som er sjølvlikerettande, og som difor sviv same vegen for begge luftgjennomstrøymingsretningane. Turbinen liknar på ein (gjerne mangeblada) propell, men blada (skovlene), som har flyveng-liknande profil, er ikkje vridde. Dei er symmetriske i forhold til innløp- og utløpsidene for lufta. Turbinen er oppfunnen på 1970-talet av professor A.A. Wells i Belfast.

Alfabetisk liste over ord og nemningar

(Forkorting: b. = \*bølgje, <sup>+</sup>bølge)

<i>absorbed power</i>	C2	b.kraftstasjon	C10
absorbert effekt	C2	b.kraftverk	C9
* <i>absorpsjonslengd</i>	C6	b.last	B12
<sup>+</sup> <i>absorpsjonslengde</i>	C6	*b.lengd	A6
<i>absorption length</i>	C6	<sup>+</sup> b.lengde	A6
<i>added mass</i>	B7	b.linse	C28
addert masse	B7	bøyte	C12, C23
and	C18	*bøyteleg sekk	C30
attenuator	C16	bøyelig sekk	C30
<i>attenuator</i>	C16	<i>capture width</i>	C6
<i>backbone</i>	C17	<i>clam</i>	C24
<i>Bristol cylinder</i>	C25	Cockerell-flåte	C19
<i>Bristol-sylinder</i>	C25	<i>Cockerell raft</i>	C19
<i>buoy</i>	C12, C23	<i>damping coefficient</i>	B8
<sup>+</sup> b.belastning	B12	dempingskoeffisient	B8
<sup>+</sup> b.drevet generator	C11	<i>directional spectrum</i>	A13
*b.driven generator	C11	*drivande effekt	C3
b.effekttransport	A2	<sup>+</sup> drivende effekt	C3
b.energi	A1, (C1)	*drivande kraft	B11
b.energifluks	A2	<sup>+</sup> drivende kraft	B11
*b.energilikerettar	C26	<i>duck</i>	C17
<sup>+</sup> b.energilikeretter	C26	dupp	C12
b.energispektrum	A12, (A13-14)	dønning	A5
b.energitransport	A2	eksitasjonseffekt	C3
b.fokusering	C29	eksitasjonskraft	B11
b.front	A7	<i>excitation force</i>	B11
*b.høgd	A8, (A9)	<i>excitation power</i>	C3
<sup>+</sup> b.høyde	A8, (A9)	<i>exciting force</i>	B11
b.kraft	B13, C1	fasestyring	C7
b.kraftinnretning	C8	focusing	C29

- fokusering C29  
*flexible bag* C30  
 giring B6  
 \*hamn C21  
*harbour* C21  
 havb.fokusering C29  
 havb.linse C28  
<sup>+</sup>havn C21  
*heave* B1  
 hiv B1  
 hiving B1  
*hundred-year wave* A10  
 hundreårsb. A10  
 hydrodynamisk tilleggsmasse B7  
*irregular wave* A4  
 jaging B2  
 Kaimei C22  
*Kaimei* C22  
 kilerenne C27  
 \*knivskjel C24  
<sup>+</sup>knivskjell C24  
 kraft B11-13, (C1)  
 kraftbøye C12  
 lens C28  
*line absorber* C14  
 linjeabsorbator C14  
 linse C28  
*Masuda buoy* C23  
 Masuda-bøye C23  
 \*medsvingande masse B7  
<sup>+</sup>medsvingende masse B7  
 moment av spektrum A14  
*moment of spectrum* A14  
 nytteeffekt C5  
 nullkryssperiode A11  
*ocean-wave focusing* C29  
*ocean-wave lens* C28  
*oscillating water column* C20  
 OWC C20  
*Petro pump* C31  
 Petro-pumpe C31  
*phase control* C7  
*pitch* B5  
*point absorber* C13  
*power buoy* C12  
 punktabsorbator C13  
*radiation impedance* B10  
*radiated power* C4  
*radiation resistance* B9  
 raft C19  
*rectifier* C26  
<sup>+</sup>regelmessig b. A4  
 \*regelrett b. A4  
*regular wave* A4  
 roll B4  
 rulling B4  
 Russel-likerettar C26  
 Russel-likeretter C26  
*Russel rectifier* C26  
 ryggbein C17  
 ryggrad C17  
 Salter-and C18  
*Salter duck* C18  
*significant wave height* A9  
 \*signifikant b.høgd A9  
<sup>+</sup>signifikant b.høyde A9  
 slangepumpe C31  
*spectrum* A12-14  
 spektrum A12-14  
*spine* C17  
 stamping B5  
 strålingsdempingskoeffisient B9  
 strålingsimpedans B10  
 strålingsmotstand B9

strålingsresistans B9  
*surge* B2  
*svaing* B3  
\*svingande vass-søyle C20  
+svingende vannsøyle C20  
*sway* B3  
*swell* A5  
*tapered channel* C27  
terminator C15  
*terminator* C15  
tilleggsmasse B7  
*tube pump* C31  
+uregelmessig b. A4  
\*uregelrett b. A4  
*useful power* C5  
utstrålt effekt C4  
+vannsøyle C20  
\*vass-søyle C20  
*wave energy* A1  
*wave-energy rectifier* C26  
*wave-energy spectrum* A12, (A13-14)  
*wave force* B13  
*wave front* A7  
*wave height* A8, (A9)  
*wavelength* A6  
*wave loading* B12  
*wave power* C1  
*wave-power device* C8  
*wave-power generator* C9, C11  
*wave-power plant* C10  
*wave-power transport* A2  
Wells-turbin C32  
Wells turbine C32  
*yaw* B6  
*zero-crossing period* A11